

Til sentralane i Bergen køyreområde

Dato: 06.11.2015
Vår ref.: 2015/5550-9
Saksbehandlar: annvedv
Dykkar ref.:

Evaluering av drosjeverksemda i Bergen køyreområde 2015

Samferdselsavdelinga viser til brev av 01.06.2015 om innlevering av statistikk for veke 22 – 26. Me kjem no attende med spørsmål til sentralane om andre sider ved drosjeverksemda.

1. Rullestoltransport

Ein bed opplyst utnyttingsgraden for storbilar kontra ordinære drosjar i 2015 i den enkelte sentral. Dette gjeld sentralar som har storbilar.

2. Miljøbilar

Ein bed opplyst tal på bilar med null-utslepps- og lågutsleppsteknologi tilknytt den enkelte sentral.

3. Tilbod til løyvehavarar

Kva økonomiske ytingar og tilbod tilbyd sentralen sine løyvehavarar (t.d. fri sentralavgift, garanti, forskott og lån) og kva vilkår er knytt til slike ytingar?

4. Kjennsprøve og språktest

Etter det samferdselsavdelinga kjenner til, gjennomfører kvar sentral sjølv kjennsprøver og språktest blant løyvehavarar og sjåførar knytt til sentralen. Ein bed opplyst korleis testane er bygd opp og vurderingskriteria som ligg til grunn for å bestå testane.

Ein bed vidare om synspunkt på praksisen med at sentralane sjølv står for slik opplæring, og eventuelle alternative måtar ein kan tenkja seg å gjennomføra slik testing.

5. Kjønnsfordeling blant sjåførar

Kjønnsbalanse i arbeidslivet er sunt og ein ynskjer oversikt over korleis stoda er i drosjenæringa. Ein bed derfor om tal på kor mange kvinner og kor mange menn som totalt er tilsett som sjåførar hjå løyvehavarane tilknytt sentralen per 31.12.15.

6. Klager

Tal på publikumsklager og klager frå kontraktspartar i 2015, samt kva klagen dreier seg om t.d. levering, pris, kvalitet på køyring, service etc.

Svarfrist **8. januar 2016**.

Rolf Rosenlund
seksjonsleiar

Anne Vedvik
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:
Norges Taxiforbund avd. Bergen
Norges Taxiforbund avd. Hordaland